

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

Fylkesrådmannen bad om at punkt 2 i forslaget til innstilling utgår. Fylkesutvalet slutta seg til dette.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Tilbod frå Sørvest bomvegselskap AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Bergen Bompengeselskap AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.